

## Skigruppa til barmarkssamling på Voss.

25.09.2016



Skigruppa inviterer til barmarkssamling på Voss

Førebuingane til skisesongen er godt i gang. Kvar tysdag i 19-tida etter skulemusikkøvinga møtes skiløparane ved Aktivitetshuset for fellestrening. Helga 11.-13. november inviterer skigruppa til barmarkssamling på Voss. Dei legg opp til ei treningssamling der også det sosiale er i fokus slik at det vil vera ei kjekk samling for heile familien.



[Det er ypperlege forhold for rulleski.](#)

Samlinga er for alle medlemmer frå 3. klasse og oppover, og basen vert i [Voss ski- og tursenter i Herresåsen](#). Der er det svært gode treningsforhold med svært fine rulleskiløyper. Med dei gode tilhøva for rulleskitrening vil denne delen verta litt ekstra vektlagt denne gongen. Sjølv sagt vert det også trent både spenst, styrke og ballanse og, og ein del av treninga vert gjennomført som leikar. Overnattingane vert i arenahuset, og der vert det også sosialt samvær og måltid. Ein tur på Peppes er også med på programmet. Fullstendig program for samlinga finn de ved å klikka inn på [UIL si heimeside her](#).

Skigruppa håpar mange syns dette verkar interessant og melder seg på til turen. Dei vender seg til både nye og gamle skimedlemmer. Dei har vore på same staden før, og det var veldig kjekt både for aktive, søsken og foreldra, så dette er eit opplegg dei trygt kan anbefala for heile familien.

Påmeldingsfristen er 15. oktober, og [påmeldingskjema finn de her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: UIL/skigruppa